

Spørsmål utval for opplæring og helse: praksis ved gjennomføring av privatisteksamen

Representanten Elizabeth Toft Erichsen (V) har sendt inn følgjande spørsmål vedkomande praksis ved gjennomføring av privatisteksamen.

«I dag finnes ein offentleg eksamen for dei som ikkje har klart å oppnå karakteren dei treng i vanleg vidaregåande skule, ein privatisteksamen utan ekstra offentleg undervisningstilbud.

Dei som treng den ekstra hjelpa for å oppnå nok kunnskap til å bestå må derfor søke undervisning på private skular. Til no har dette fungert nokonlunde som på ein vanleg vidaregåande skule: Elevane vert eksaminert av eigen lærar og sensurert av ekstern lærar.

Frå våren av er det endring på dette, elevane vil ikkje lengre kunne ha eigen lærar som eksaminator. Ein ekstra trygghet som dei gjerne kan trenge, vil verte tatt vekk. Vi veit at det er mange grunnar til at elevar må ta opp igjen fag, og ikkje få gongar er dette knytt til angst. Då er det synd om dei vil miste denne tryggleiken.

Etter det er forstått er dette ein praksis som ikkje andre stadar i landet har. Kvifor vel ein då ein slik praksis i Hordaland? Vi ynskjer jo at endå fleire skal fullføre vidaregåande skule, korleis er ein slik praksis foreneleg med det?»

Svar på spørsmål:

Fylkesrådmannen viser til RS-sak 38/18 i Opplærings- og helseutvalet 5. juni 2018, der det vart gjort greie for endring av praksis, bakgrunn for endringa, tidspunkt for innføring samt praksis i nokre andre fylkeskommunar.